

UDSJETTET
aktivt

midlene til kontroller av tunge kjøretøyer på grensa økes. Dette er et skritt i riktig retning. Men selv om det skal brukes ytterligere 12,5 millioner kroner på slike kontroller, er dette altfor lite. En forsvinnende liten del av tunge kjøretøy risikere kontroll på veg inn i landet. Det må satses mye mer på mobilt mannskap. Det må til et mye større løft for at det virkelig skal monne. Hvis det ikke skjer noe drastisk på dette området, har vi snart ikke en norsk sjåfør i yrket.

■ Jeg er også svært skeptisk til at regjeringa nå setter av penger til å starte det bebudede utbyggingsselskapet for store vegprosjekter. En av grunnene til at regjeringa gjør dette, er at selskapet skal kunne låne penger til utbygging av veg. Dette er en svært dyr måte å bygge på. Alle vet at å kjøpe på avbetaling er dyrere enn å kjøpe kontant.

Utfordringene i utbygging av infrastruktur, er ikke at det er for få selskaper involvert. Problemet er at det ikke planlegges og finansieres helhetlig. Det trenger man ikke et nytt selskap til å gjøre. Vi har ekspertisen på dette i Statens vegvesen i dag.

Magne Mathiassen

Eit språkleg svømmekurs

Språkets vegar kan verke merkelege og uforståelege nokre gonger.

MEININGER

Jens Haugan

Eit tema som opptek folk, er då til dømes språknormering, som nokon meiner kan vere merkeleg eller uforståeleg. Det finst dei som likar å irritere seg over eller vitse med valfridommen i skriftspråka våre, spesielt når noko kan sjå ut til å vere bestemt heilt vilkårleg. Eitt slikt «uforståeleg» døme er sideformene «symje» og «svømme» i nynorsk. Den siste forma kom inn i 2012. No kan ein sikkert diskutere korfor «svømme» ikkje var tillaten som skriftform før, når dei fleste dialektene i dag kanskje har varianten, men det er ein annan diskusjon. Auto-korrekturen i tekstprogrammet eg bruker, rettar forresten framleis frå «svømme» til «symje».

■ Det som er interessant, er at



Det finst dei som likar å irritere seg over eller vitse med valfridommen i skriftspråka våre.

JENS HAUGAN

den tradisjonelle forma «symje» er eit såkalla jamvektssord. Det tyder at ein kan ha a-ending på dette ordet dersom ein bruker kløyvd infinitiv. Det ville altså kunne vere ein forskjell mellom «symja» med -a og «plaske» med -e. Det siste ordet er eit såkalla overvektssord, som ikkje ville kunne ha a-ending i infinitiv, med mindre ein snakka/skreiv a-mål der alle infinitivane enda på -a.

■ Då «svømme» kom inn i nynorskrettskrivinga i 2012, blei dette ordet ikkje normert som eit jamvektssord. Nokre vakne språkbrukarar meinte då straks at dette verka svært underleg, og at «normeringsfolka» kanskje brukte terning for å bestemme valfrie former. Men som regel har jo folk som er sett til å ta avgjerder, kompetanse på det dei arbeider med. Så det finst faktisk ei god forklaring på korfor «symje» er eit jamvektssord, mens «svømme» altså ikkje er det.

■ Det fanst allereie to «sideformer» i gammalnorsk: «symja» og «svim(m)a». Med to m-ar får den siste varianten såkalla

overvekt etter kvantitetsomlegginga (kort vokal + lang/dobbel konsonant), mens den andre varianten («symja») hadde kort staving (kort vokal + kort/enkel konsonant). J-en fungerte ikkje som eit vektelemt i stavinga. Det er altså ein meir eller mindre matematisk grunn (vektfordeling i stavingane) som førde til at «symja» blei til eit såkalla jamvektssverb, mens «svimma» (svømme) blei til eit overvektssverb, som då kunne få ulike endingar i nyare norske dialekter. I dialekter med kløyvd infinitiv vil ein derfor kunne skilje mellom formene «symja» med -a og «svømme» med -e.

■ Nokon vil meine at det er ein type molbu-språknormering når to ord som tyder det same, får ulike reglar i skriftspråket. Men «ete» og «spise» kan òg tyde meir eller mindre det same i mange dialekter. Likevel er «ete» eit jamvektssord, mens «spise» er eit overvektssord. Så då kan ein eta når ein vil spise og symja når ein vil svømme. Det kan verke merkeleg og uforståeleg, men det er først og fremst interessant for dei som vel å bruke kløyvd infinitiv i skrift. Dei fleste andre har jo fått eit «svømmekurs» i den lokale dialekta sidan dei blei fødde, og har dei eit jamvektsmål, kan dei gjera, vera, leva – og tala slik det er naturleg for dei.